

**Notat**

Dato: 06.02.2019  
Arkivsak: 2018/16486-18  
Saksbehandlar: annsten1

---

**Til:** Fellesnemnda

---

**Frå:** Prosjektleiar Rune Haugsdal

---

**Oppfølging av fylkestingsvedtak i Sogn og Fjordane fylkeskommune**

Prosjektleiar viser til brev frå fylkesrådmann Tore Eriksen, datert 14.12.2018, der det vert vist til to vedtak i fylkestinget 4. desember 2018.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane gjorde slikt i sak 56/18 Budsjett 2019/ økonomiplan 2019 –2022 som må følgjast opp i fellesnemnda i nye Vestland fylkeskommune:

«Punkt 14. Fylkestinget ber om at det, gjennom fellesnemnda, vert laga retningslinjer for Vestland fylke som:

- a) Sikrar at 5% av nyttilsette skal rekrutterast frå menneske med «hol i CV-en» og med nedsett funksjonsevne.
- b) Stiller krav i innkjøpsstrategien om at personar med utfordringar på arbeidsmarknaden skal delta i utføringa av alle relevante kontraktar.»

«Punkt 15. Fylkestinget ber om at det gjennom fellesnemnda vert drøfta korleis ei ordning med skulefrukost i dei vidaregåande skulane kan innrettast og at det vert innhenta erfaring med dei som prøvd ut skulefrukost».

Prosjektleiar har adressert oppdraget til fagavdelingane i nye Vestland fylkeskommune.

Pkt. 14 a) vert sett i samanheng med ny HR-strategi/arbeidsgjevarpolitikk, rullering av likeverdsplan mv. Prosjektleiar tek sikte på å legge fram sak om dette hausten 2019/ tidleg 2020.

Pkt. 14 b) vert sett i samanheng med ny innkjøpsstrategi/politikk. Prosjektleiar tek sikte på legge fram sak om dette hausten 2019/tidleg 2020.

Pkt. 15 Prosjektleiar tilrår at igangsetting av arbeidet med vurdering av innføring av skulefrukost, vert avklart i politiske organ i Vestland fylkeskommune etter 1.1.2020.